



Tyskarane likar å sigla og dei er svært ivrige etter å læra meir om sigling. No ligg det eit nytt bevis på det i Uskedalen: Ein 62 fot lang båt som må kunne kallast ein supersiglar og som høyrer heime i feriebyen Glycksburg like ved Flensburg.

Det er den største båten i flåten til eit selskap som har basar også på Elba i Italia og ved Chiemsee i Bayern og som disponerer rundt rekna 30 båtar med stort og smått.

Det er 10 ombord i båten og 8 av dei er elevar. Skipparen fortel at dei har lagt til kai meir eller mindre tilfeldig i Uskedalen etter 32 timars udramatisk ferd frå Shetland. Selskapet er mykje innom Vestlandet og no er det ikkje lenge før dei skal byta mannskap og leing i Bergen.

Det er 16 000 medlemmer i sportforbundet som er knytta til flåten, så her er det eit skikkeleg potensiale for opplæring.

Berre i den nordligaste delstaten i Tyskland Schleswig Holstein er det 120 hamnar og marinaer og det er eit mangfaldig opplæringstilbod. 35 skoler undervisar ute på sjøve havet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen